



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 04.10.2023 kl. 17:15 - 19:50

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Lillian Gjervik	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Terje Mork	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Stine Solheim Rørvik	Varamedlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Jostein Gryte	Leiar
Tommy Erdal	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2023/43		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2023/44		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 29.08.2023	RUNE ZIENER
SR 2023/45		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2023/46		Bruk av premiefond	RUNE ZIENER
FR 2023/47		Justeringar i investeringsbudsjettet 2023 og søknad om tilleggsøyving for investeringar i 2023	RUNE ZIENER
SR 2023/48		Kyrkjevalet 2023 - godkjenning av valstyret sin protokoll	RUNE ZIENER
SR 2023/49		Offerliste t.o.m 2023	RUNE ZIENER
FR 2023/50		Budsjett 2024 og økonomiplan 2025-2027	RUNE ZIENER

Askvoll, 04.10.2023

Rune Ziener
referent

SR 2023/43 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2023/44 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 29.08.2023

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 29.08.2023.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 29.08.2023.

SR 2023/45 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 24/23 Kyrkjelydsutvalet i Holmedal: Referat møte 30.08.2023
- M 25/23 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Referat møte 25.09.2023
- M 26/23 Kyrkjeverja: *Oppmoding om val av representant og vararepresentant til Askvoll sokneråd frå Askvoll kommune (21.09.2023)*
- M 27/23 Kyrkjelydspedagogstillinga og trusopplæringa framover
- M 28/23 Konstituerande møte nyvalt sokneråd

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:
- Til M 27: *Kyrkjeverja avtalar snarast råd eit møte med trusopplæringsutvalet og sokneprest for å drøfte vegen vidare for trusopplæringa i Askvoll.*
 - Til M 28: *Konstituerande møte med lokalt soknerådskurs vert oppsett i Askvoll kyrkje onsdag 18. oktober kl. 18.45.*

FR 2023/46 Bruk av premiefond

UTGREIING

Bakgrunn – sterk auke i årets reguleringspremie

I offentlig sektor har det, p.g.a. høg lønns- og prisvekst, vore ein betydeleg auke i den såkalla reguleringspremien (den årlege reguleringa av pensjonspremien som følgje av lønns- og trygdeoppgjør) frå 2022 til 2023. For Askvoll sokn sin del utgjer auken i reguleringspremien nær 80%, og soknet er belasta med nær kr 430.000,- i 2023 (i 2022 utgjorde reguleringspremien i underkant av kr 241.000,-) i tillegg til ordinær kvartalsvis pensjonspremie.

Ved årsavslutninga vert innbetalt premie og reguleringspremie sett i samanheng, og først då kjenner ein til årets endelege pensjonskostnad. Med denne høge reguleringspremien for 2023, kan ein uansett slå fast at det er ei underbudsjettering i år for reell pensjonskostnad for soknet.

Bruk av premiefond

Kostnadsauken vil ein måtte ta over ordinært driftsbudsjett, men om ein har såkalla premiefond (eit fond for tilbakeførte premier og overskot) kan heile- eller delar av dette nyttast til å betale framtidig premie. Tanken med premiefondet er at verksemda kan setje av midlar i «gode tider» for å ha eit fond ein kan betale pensjonspremiar med.

Askvoll sokn har pr. september 2023 ein saldo på premiefondet på kr 296.263,-, og dette beløpet er «låst» som minimumsnivå. Alt som overskyter dette beløpet vert automatisk brukt til premieinnbetaling.

Med auken i pensjonsutgifter ein no ser i 2023, kan det vere ein fordel å bruke av fondet for å delfinansiere auken.

INNSTILLING

1. Askvoll sokn kan nytte inntil heile opparbeidde premiefond for å dekke inn auken i pensjonspremiar/reguleringspremie frå 2023.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokn kan nytte inntil heile opparbeidde premiefond for å dekke inn auken i pensjonspremiar/reguleringspremie frå 2023.

FR 2023/47 Justeringar i investeringsbudsjettet 2023 og søknad om tilleggsløyving for investeringar i 2023

UTGREIING

Bakgrunn for saka

Det viser seg at det i førebels investeringsrekneskap pr. 2023 ligg føre utgiftsføringar utan finansiering. For å få til inndecking må ein søkje Askvoll kommune om auke i finansieringa.

Oversikt pr. prosjekt med kommentar:

1009 Tilbygg Vilnes

Også i 2023 har det vore større overskridingar her.

Pr. 22.09. ligg det uinndeckka bokførte utgifter på kr 1.241.210,-

I tillegg er det uinndeckka prosjektunderskot frå 2022 på kr 302.573,- som soknet ikkje har hatt midlar til å dekke inn. Investeringsbudsjettet for 2023 vart vedteke med føresetnad at Askvoll kommune dekker inn dette i løpet av 2023.

Før endeleg prosjektavslutning vil det tilkomme fleire tilleggskostnader.

For utført arbeid (endringsmeldingar VVS) vil det komme ei nettoutgift på kr 390.267,-.

Etter sluttsynfaring ligg det føre eit tilbod frå Caverion for ekstra og tilrådde sikringsinstallasjonar til kostnad kr 56.615,-.

Cowi tilrår at ein kompletterer anlegget med desse installasjonane.

Avluttande utgifter til Cowi er stipulert til kr 12.500,-.

Totalt udekkja prosjektutgifter etter slutføring ser altså ut til å utgjere ca. 2.000.000,- etter slikt oppsett:

Prosjekt 1009 Tilbygg og brannsikring Vilnes	
<i>Byggeteneste/nybygg</i>	
Bokført utgift 2023	1 121 098
Endringsmeldingar VVS ikkje fakturert	417 197
For mykje innbetalt akonto	-26 930
Tilleggsarbeid elektro	56 615
Sum forventa kostnad 2023 byggeteneste/nybygg	<u>1 567 980</u>
<i>Konsulenttenester</i>	
Bokført utgift 2023	120 112
Avklaringar/avslutning	12 500
Sum forventa kostnad 2023 konsulenttenester	<u>132 612</u>
<i>MVA</i>	
Forventa utgift	760 000
Forventa kompensert	-760 000

Sum	<u>0</u>
<i>Dekning av meirforbruk i 2022</i>	<u>302 573</u>
Ufinansiert = behov for tilleggsløyving frå kommunen	2 003 165

1013 Rehabilitering Holmedal kyrkje

Prosjektet er ikkje avslutta.

Pr. 22.09.2023 er det resterande finansieringsmidlar kr 1.267.039,- igjen i prosjektet.

Ingenting udekka pr. i dag, men det er varsla at det vil komme nokre overskridingar.

1020 Rullestollift Askvoll kyrkje

Prosjektet var lagt inn i budsjett for 2022 med kommunal finansiering kr 100.000,-. Dette vart ikkje realisert, og såleis nedbudsjettert i FR-sak 2022/46, med føresetnad om ny oppfinansiering i 2023. Dette kom ikkje inn i kommunen sitt budsjett i 2023, og har såleis lege ufinansiert gjennom heile 2023, og er ikkje ingangsett grunna usikker finansiering.

Soknerådet bør nedbudsjettere prosjektet igjen i sitt investeringsbudsjett for 2023 og legge dette inn i seinare budsjett/økonomiplan.

1021 Ovnar og belysning Vilnes kyrkje

Prosjektet låg inne til realisering i 2022 med 60% (inntil kr 205.000,-) i tilskot frå Riksantikvaren og 40% (inntil kr 170.000,-) i tilskot frå Askvoll kommune.

Grunna svært lang leveringstid på omnane (då svært mange fellesråd inngjekk avtalar som følgje av denne statlege satsinga – og tilbydarmarkedet er svært avgrensa), vart ikkje prosjektet belasta noko i 2022, men arbeidet vart sett i bestilling. Difor vart prosjektet nedbudsjettert i FR-sak 2023/46.

Prosjektet vart på nytt lagt inn i soknet sitt investeringsbudsjett for 2023, men då utan at kommunen hadde tilsvarande løyving i kommunen sitt budsjett. Dei nye omnane er pr. 22. september 2023 sett i drift, men det er noko forseinking på leveranse av komplett anlegg, mellom anna lysbuevern, jf. nye sikringskrav og nødvendig avskjerming mot benkar. Elektroinstallatør opplyser at prosjektet vil verte heilt ferdigstilt innan utgangen av oktober. Dette fører og til ein meirkostnad på om lag kr 12.000,- meir enn forutsett ved budsjettvedtak 2023.

Prosjektkostnad ligg under budsjettet, men det ligg ikkje inne kommunal finansieringsdel som vil utgjere om lag kr 112.000,- som vil utgjere eigenfinansieringa før statleg tilskot.

For fullt finansieringsforslag, sjå neste punkt.

1022 Drenering Askvoll kyrkjegard

Det viste seg seinhaustes 2022 at fleire av dei nye gravfelta på utvida del av Askvoll kyrkjegard ikkje har tilfredsstillande drenering då felta vart tekne i bruk. Dette er kritisk å få løyst, og soknet har liggande inne eit investeringstilskot frå kommunen på kr 100.000,- til utbetringar her.

Gjennom 2023 har ein ikkje sett i gang tiltak, dels ut frå vurderingar om at totale investeringskostnader i pågåande prosjekt overgår investeringsinntekter, og dels pga. manglande kapasitet til planlegging og oppfølging av gjennomføring.

Etter kyrkjeverja si vurdering bør ein kunne flytte tilskotet her over på prosjektet med nye omnar i Vilnes kyrkje i 2023, og føre opp tilskot på nytt i budsjettsøknad for 2024 då Vilnes-prosjektet er nær ferdigstilt, og ein ikkje fullt ut har budsjettdekning.

Totalvurdering frå kyrkjeverja

Også i år viser det seg at prosjektet med brannsikring og tilbygg på Vilnes kyrkje gir større kostnadsoverskridingar. Innan utgangen av 2023 vil dette mangeårige prosjektet omsider vere ferdig, men det står att eit finansieringsbehov på omkring 2.000.000,- før ferdigstilling. Dette beløpet bør ein søkje kommunen om inndekking for.

To prosjekt i soknet sitt investeringsbudsjett er ikkje med i kommunen sitt investeringsbudsjett i 2023.

Prosjekta *1020 Rullestollift i Askvoll kyrkje* og *1021 Drenering av Askvoll kyrkjegard* vil ikkje verte belasta i 2023, men desse kan ein legge inn i budsjettforslag/økonomiplan til seinare realisering.

Omnar og belysning i Vilnes kyrkje vil verte belasta soknet i 2023, finansiert med omdisponering av prosjektmidlar frå prosjekt 1021, samt eit mindre tillegg (kr 12.000,-) for ikkje planlagt ekstrautgift.

Endeleg prosjektkostnad for rehabilitering av Holmedal kyrkje må ein sjå an etter kvart som prosjektet vert ferdigstilt.

INNSTILLING

1. For å dekke inn for manglande finansiering i 2022 og 2023 av prosjektet med tilbygg og brannsikring av Vilnes kyrkje, søkjer soknet Askvoll kommune om tilleggsløyving på kr 2.003.000,- i 2023.
2. For å sikre full finansiering (eigendelen på 40%) av prosjektet med nye omnar/benkevarmarar til Vilnes kyrkje, vert det søkt Askvoll kommune om omdisponering av dei kr 100.000,- i investeringstilskot som skulle finansiere drenering på utvida del av Askvoll kyrkjegard. I tillegg ber ein om at tilskotssummen vert oppjustert med kr 12.000,- for å ta tilleggskostnad ut over opphavleg kontrakt. Dreneringa vert såleis ført opp til seinare realisering, finansiert med investeringstilskot frå kommunen
3. Med atterhald om aksept for vedtakspkt. 1 og 2 i Askvoll kommune, vert soknet sitt investeringsbudsjett for 2023 justert etter følgjande tabell:

Budsjettjusteringar investering 2023	Utg. ned/	Utg. opp/
	innt. opp	innt. ned
Tilbygg og brannsikring Vilnes kyrkje:		
Byggeteneste/nybygg		1 568 000
Konsulenttenester		133 000
MVA (utgift)		760 000
MVA (kompensert)	-760 000	
Tilskot frå kommunen	-1 701 000	
<i>Kontrollsum</i>	<i>-2 461 000</i>	<i>2 461 000</i>
Rullestollift Askvoll kyrkje:		
Inventar og utstyr	-100 000	
MVA (utgift)	-25 000	
MVA (kompensert)		25 000
Tilskot frå kommunen		100 000
<i>Kontrollsum</i>	<i>-125 000</i>	<i>125 000</i>
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje:		
Inventar og utstyr	-20 000	
Tilskot frå staten		32 000
Tilskot frå kommunen	-12 000	
<i>Kontrollsum</i>	<i>-32 000</i>	<i>32 000</i>
Drenering Askvoll kyrkjegard:		
Byggeteneste/nybygg	-100 000	
MVA (utgift)	-25 000	
MVA (kompensert)		25 000
Tilskot frå kommunen		100 000
<i>Kontrollsum</i>	<i>-125 000</i>	<i>125 000</i>

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. For å dekke inn for manglande finansiering i 2022 og 2023 av prosjektet med tilbygg og brannsikring av Vilnes kyrkje, søker soknet Askvoll kommune om tilleggsføring på kr 2.003.000,- i 2023.
2. For å sikre full finansiering (eigendelen på 40%) av prosjektet med nye omnar/benkevarmarar til Vilnes kyrkje, vert det søkt Askvoll kommune om omdisponering av dei kr 100.000,- i investeringstilskot som skulle finansiere drenering på utvida del av Askvoll kyrkjegard. I tillegg ber ein om at tilskotssummen vert oppjustert med kr 12.000,- for å ta tilleggskostnad ut over opphavleg kontrakt. Dreneringa vert såleis ført opp til seinare realisering, finansiert med investeringstilskot frå kommunen
3. Med atterhald om aksept for vedtaks pkt. 1 og 2 i Askvoll kommune, vert soknet sitt investeringsbudsjett for 2023 justert etter følgjande tabell:

Budsjettjusteringar investering 2023	Utg. ned/ innt. opp	Utg. opp/ innt. ned
	Tilbygg og brannsikring Vilnes kyrkje:	
Byggeteneste/nybygg		1 568 000
Konsulenttenester		133 000
MVA (utgift)		760 000
MVA (kompensert)	-760 000	
Tilskot frå kommunen	-1 701 000	
<i>Kontrollsum</i>	<i>-2 461 000</i>	<i>2 461 000</i>
Rullestollift Askvoll kyrkje:		
Inventar og utstyr	-100 000	
MVA (utgift)	-25 000	
MVA (kompensert)		25 000
Tilskot frå kommunen		100 000
<i>Kontrollsum</i>	<i>-125 000</i>	<i>125 000</i>
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje:		
Inventar og utstyr	-20 000	
Tilskot frå staten		32 000
Tilskot frå kommunen	-12 000	
<i>Kontrollsum</i>	<i>-32 000</i>	<i>32 000</i>
Drenering Askvoll kyrkjegard:		
Byggeteneste/nybygg	-100 000	
MVA (utgift)	-25 000	
MVA (kompensert)		25 000
Tilskot frå kommunen		100 000
<i>Kontrollsum</i>	<i>-125 000</i>	<i>125 000</i>

SR 2023/48 Kyrkjevalet 2023 - godkjenning av valstyret sin protokoll

UTGREIING

Etter kyrkjevalforskriften § 11-5 (2) skal valstyret føre protokoll i samband med førebuing og gjennomføring av kyrkjevalet.

Protokollen skal takast inn som vedlegg til soknerådet si møtebok, og signerast av samtlege medlemmer av valstyret som er til stades i møtet.

Som saksvedlegg ligg berre ved valstyret sin protokoll del 1 og rapportutskrift frå valmodulen. Relevante protokollvedlegg sendast ikkje ut, men vil vere tilgjengelege i møtet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner valprotokollen slik den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner valprotokollen slik den ligg føre.

SR 2023/49 Offerliste t.o.m 2023

UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 8. oktober. Gudstenesteliste er lagt ut kalenderåret.

Kyrkjelydsutvala er oppmoda om å sette fram forslag til offerformål som vert lagt fram i møtet 04. oktober.

Kyrkje	Dato	Tid	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	05.11.2023	18:00	Gudsteneste	Ikkje offer
Askvoll kyrkje	26.11.2023	11:00	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	17.12.2023	11:00	Gudsteneste	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	24.12.2023	16:00	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2023	16:00	Gudsteneste	Askvoll kyrkje
Bulandet kapell	05.11.2023	10:15	Gudsteneste	Indremisjonsforbundet
Bulandet kapell	03.12.2023	10:15	Gudsteneste	Kirkens SOS i Bjørgvin
Bulandet kapell	25.12.2023	13:00	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	22.10.2023	11:00	Gudsteneste	Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	19.11.2023	19:00	Musikkandakt	Trusopplæringa i Askvoll
Holmedal kyrkje	03.12.2023	15:00	Gudsteneste	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	24.12.2023	14:00	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	01.01.2024	15:00	Gudsteneste	Holmedal Bedehus
Kvammen kapell	17.12.2023	19:00	Gudsteneste	Norsk kyrkje i utlandet
Kvammen kapell	24.12.2023	14:00	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Stongfjorden kapell	25.12.2023	17:00	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	29.10.2023	11:00	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Vilnes kyrkje	26.11.2023	15:00	Gudsteneste	Nesholmen Leirstad
Vilnes kyrkje	24.12.2023	11:30	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med innkomne forslag.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste i samsvar med innkomne forslag.

FR 2023/50 Budsjett 2024 og økonomiplan 2025-2027

UTGREIING

Etter økonomiforskriften for sokn i Den norske kyrkja § 6 (1) skal organ for soknet på kommunenivå kvart år vedta ein rullerande økonomiplan, jf. 2. ledd skal planen omfatte dei neste fire åra.

Etter 3. ledd skal planen gi eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte planar i perioden.

Vidare skal organ for soknet på kommunenivå etter § 7 (1) kvart år fremje eit samla forslag til kommunen om samla løyvingar til den kyrkjelege verksemda i kommunen, samt forslag til løyvingar i økonomiplanperioden.

Soknet har fått frist til **5. oktober** for oversending av forslaga til kommunen.

Innleiing og generelt

Inntekter

I likskap med 2023 ligg også 2024 an til å bli eit krevjande år driftsmessig for soknet. For 2023 fekk ein etter auke for lønns- og prisvekst ein reduksjon i kommunal rammeløyving på kr 125.000,-, som første innfasingsår med nedtrekk totalt kr 250.000,-. Resterande innfasing av nedtrekket vil etter kommunens vedtak skje for budsjettåret 2024.

Førebels innlagt ramme til soknet for 2024 er opplyst til å vere:

Tilskot 2023-nivå	Kr 3.892.000,-
Nedtrekk 2024	Kr - 125.000,-
<u>Grunnlag 2024</u>	<u>Kr 3.767.000,-</u>
Deflator (4,5%)	Kr 169.515,-
<u>Førebels ramme 2024</u>	<u>Kr ≈ 3.936.000,-</u>

Sjølv om dette utgjer ein nominell auke på kr 44.000,- vil det uansett om ein legg til grunn kommunal deflator på 4,5% innebere ei svekking av budsjettet og ein realnedgang. Å oppretthalde realnivået frå 2023 skulle med føreliggande anslag forutsette eit tilskot på kr 4.067.000,- i 2024.

Utgifter

Lønn og pensjon

Høg lønnsvekst i 2023 (i KA-sektoren hadde 2023-oppgjeret ei ramme på 5,4%) vil også gi effekt på faktiske kostnader i 2024 både for lønn og pensjon.

Vare- og tenestekjøp

Utan at det er nærare beskrive i saksutgreiinga har det på fleire vare- og tenesteområde vore ein betydeleg prisauke. Dette har ført til nødvendige innsparingar gjennom 2023, mellom anna med straumsparringar og gjennomføring av fleire gudstenester utan lønna vikar (tenestekjøp).

Det begynner no å bli stadig meir tydeleg at Askvoll sokn begynner å sakke akterut for teknologiutviklinga som har gått føre seg i kyrkja dei siste åra. Dataløysingane som no er i bruk på kyrkjekontoret er ikkje tilfredsstillande, særleg når det gjeld elektroniske arkivløysingar. Heile Sunnfjord prosti er no anten over på dei nye kyrkjelege fellesløysingane, eller dei er sett i bestilling. Med tanke på felles løysingar og kompetanseutvikling er det etter kvart påtvingande at også Askvoll kjem over på fellesløysingane. Det er ikkje kartlagt kva kostnad det vil ha å komme over på dei nye fellesløysingane. Truleg vil det vere nødvendig også med utbygging av maskinparken.

Inndekking av rekneskapsmessig meirforbruk 2022

Driftsrekneskapan 2022 viste eit meirforbruk på kr 231.308,-. Det er budsjettert med inndekking kr 74.414,- i 2023 finansiert med ulike fond.

Ein tek såleis med seg etterslep og tidlegare driftsunderskot på kr 156.894,- inn i 2024. Dette må ein i utgangspunktet dekke inn over ordinære driftsmidlar.

Med varsla nedtrekk også i 2024, er det i planforslaget ikkje funne rom for noko inndekking her i budsjettåret 2024.

DEL 1: Investeringar

Det er teke utgangspunkt i kommunen sitt økonomiplanvedtak frå 2022, som går fram til 2026.

Investeringar i perioden lagt inn der er:

	2024	2025	2026	2027
Tak Askvoll kyrkje	0	2.600.000	2.300.000	0

Kommentar til prosjekta:

1.1 Tak Askvoll kyrkje:

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekkja skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Tilstandsanalyse og utarbeiding av tiltaksplan/kalkyle er gjennomført i 2020, og det er tilrådd rehabiliteringsarbeider på kyrkjetaket innanfor ein 10-årsperiode.

Akasia, som har utført tilstandsanalysen, har oppdelt rehabiliteringsprosessen i delprosjekt i følgjande prioriteringsplan (merk at her er kostnadsestimata ikkje oppjusterte til dagens prisnivå):

Prio. 1:	Skipets takkonstruksjoner	2,9 millionar
Prio. 2:	Koret sine takkonstruksjonar	1,1 millionar
Prio. 3:	Tårnfotens skifertekking	2,3 millionar
Prio. 4:	Kobbortekking på tårn	0,3 millionar
	<u>Totalkost ekskl. MVA</u>	<u>6,6 millionar</u>

Konsekvens ved manglande løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at

det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

1.2 Rullestolrampe Holmedal kyrkje:

Dette var del av det pågåande rehabiliteringsprosjektet på Holmedal kyrkje. Bygging av rullestolrampe til hovudinngangen var eit delprosjekt som er gitt opsjon på. Avhengig av korleis ein kjem ut økonomisk med resterande prosjektdelar vil det mest truleg vere behov for ny løyving for å finansiere rampen (om lag kr 270.000,-). Det ligg pr. oktober ikkje føre godkjenning frå biskop/Riksantikvaren på tiltaket, men forslaget soknerådet har vedteke er utarbeidd i nær dialog med Riksantikvaren.

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement. Pr. i dag er det ei mellombels løysing med ei enkel trerampe som vert sett fram ved behov.

1.3 Drenering Askvoll kyrkjegard:

Sidan november i 2021 har ein vore kjent med at dreneringsløyvinga på delar av utvida del av Askvoll kyrkjegard (frå 2016) ikkje fungerer som den skal. Hovudutfordringa her er at det er nytta for dårlege jordmassar, slik at naturleg drenering ned til steinlaget under gravnivå ikkje fungerer.

Det er avgjerande at ein no snarast får etablert eit fungerande dreneringssystem, for pr. i dag stettar ikkje gravfelte krava i lov og forskrift. Det er utarbeidd eit løysingsforslag, men dreneringsprosjektet er ikkje kostnadsrekna. Det var løyvd kr 100.000,- frå Askvoll kommune til dette tiltaket, men arbeidet er ikkje påbegynt i 2023. Jf, sak FR 202/47 er tilråding at desse kr 100.000,- vert omdisponert i 2023 til nye ovnar i Vilnes kyrkje. Ein bør søkje på nytt tilskot til drenering Askvoll kyrkjegard i 2024.

Konsekvens ved manglande løyving:

Dei naturlege nedbrytingsprosessane som skal skje på ein gravplass, skjer ikkje i dag på delar av utvida del.

Grunnforholda på delar av gravplassen er ikkje i samsvar med krav i lov og forskrift.

1.4 Handicaptilkomst koret i Askvoll kyrkje:

Her ligg ikkje føre konkret prosjektplan eller kalkyle.

Stipulert finansieringsbehov kr 100.000,-

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement.

1.5 Namna minnelund på Askvoll kyrkjegard:

Det er i soknerådsmøte i august 2022 reist spørsmål om ein kan anlegge namna minnelund på nye gravplassen i Askvoll. Saka er dels utgreidd, og det er sett ned ei arbeidsgruppe som vil utarbeide eit forslag. Arbeidsgruppa er ikkje ferdig med dette arbeidet.

Namna minnelunder vert stadig meir utbreidd og etterspurt på gravplassar i Norge, og hovudfordelane er at dei er svært arealbesparande m.o.t. gravareal, det krevst mindre vedlikehaldsressursar og dei pårørande får eit tilbod om gravminne der kyrkjegarden sine folk står for stell og vedlikehald utan egne gravminne.

Ei namna minnelund vil sjølvstakt variere veldig i kostnad, alt etter kor omfattande arbeidet med oppsett av felles minnesmerke og utforminga elles vert. Jf. anna sak, vil kyrkjeverja si tilråding vere at ein set i gang ein planleggingsprosess for ny minnelund, og korleis denne skal vere utforma. Det er her tilrådd at ein omregulerer eit av dei nye eksisterande gravfelta til minnelund, så ein vil i utgangspunktet berre ha kostnad til nytt fellesminnesmerke.

Ein kan ta utgangspunkt i ein kostnad her på kr 300.000,- og så gjere vurderingar og evt. justeringar etter kvart.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein misser høvet til meir arealeffektiv bruk av delar av utvida del av kyrkjegarden. Ein vil ikkje ha eit utvida tilbod til pårørande som av ulike grunnar ikkje har høve til å stelle gravene sine.

1.6 Orgelet i Kvammen:

Det er i 2022 gjennomført befarings ved orgelbygger på orgelet i Kvammen. Orgelbygger opplyser at orgelet er om lag 45 år gammalt, og konkluderer i sin rapport med at:

«Orgelet er per i dag begrenset brukbar og organisten må finne ut hvilken stemme er eventuelt greit å bruke. Dette vil også variere med årstider og luftfuktigheten i kapellet. For at man kan stemme orgelet, må skadene i vindladen repareres og motoren overhales!»

Orgelbygger gjer eit forsiktig estimat på ca. kr 400.000,- for å setje dette i stand, men seier vidare at orgelet må demonterast og arbeidet må uførast på verkstad. Det er ikkje råd å sjå kor omfattande skadane er før dette vert demontert.

Imidlertid har det vorte gjort orgelfagleg vurdering av ei slik restaurering, og ein har konkludert med at det ikkje er tilrådeleg å ta denne jobben, men heller anskaffe eit nytt digitalt orgel.

Prismessig ligg eit høveleg orgel på om lag kr 400.000,-

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein har ikkje eit fullt brukbart orgel og dette let seg ikkje stemme før reparasjonar er utført, eller ein anskaffer nytt orgel (som er soknerådet sitt primære ønske).

1.7 Kyrkjeorgelet i Holmedal kyrkje:

Utan at det påverkar kommunal løyving, har Askvoll sokneråd også lagt inn restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2025. Dette er ei utsetjing i forhold til tidlegare økonomiplan, då Riksantikvar og orgelbygger tilrår å vente med dette prosjektet til arbeid med bygningsrehabiliteringa er ferdig.

Det er inngått kontrakt med orgelbygger til dette prosjektet med oppstart i 2025.

Ein har om lag kr 665.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar til inventar i Holmedal kyrkje, mellom anna til orgel (ca. kr 159.000,-).

Investeringsbehov

På bakgrunn av ovanstående bør ein melde inn til Askvoll kommune slike behov for investeringstilskot i planperioden:

Ein kan også vurdere å legge inn nytt servicebygg Askvoll og ny parkeringsplass Vilnes i planforslaget, men dette er ikkje tilrådd prioritert no.

	2024	2025	2026	2027
Tak Askvoll kyrkje		2.600.000	2.300.000	2.000.000
Rullestolrampe Holmedal kyrkje	270.000			
Drenering Askvoll kyrkjegard	100.000			
Handicaptilkomst koret i Askvoll	100.000			
Namna minnelund				300.000
Orgelet i Kvammen			400.000	
Orgelet i Holmedal		0		
<u>Sum pr. år</u>	<u>470.000</u>	<u>2.600.000</u>	<u>2.700.000</u>	<u>2.300.000</u>

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansierte og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gaver/innsamla midlar).

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gaver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2024 i balanse.

2.1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

2.1.0 Utgifter

2.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2023. Samla bokført utgift til lønn og sosiale utgifter hittil i 2023 er kr 2.936.000,- omrekna til heilårstal. Her er lagt inn 4% lønnsvekst for 2024, og ein har forventa utgift på lønn og sosiale utgifter på kr 3.053.000,- i 2024.

2.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.050.000,-, som er ei på nivå med opphavlege økonomiplan 2023. Fleire varer har i løpet av 2023 hatt ein betydeleg prisstiging.

Det er vidare føreslege brukt kr 100.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2024, ned kr 50.000,- frå førre økonomiplan.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan 2024.

(Forslaga under i VU-planen vil gå til endeleg vedtak i budsjettvedtak for 2024, og ein må sjå dette i samanheng med framdrift og kostnad i VU-plan 2023.)

Førebels VU-plan 2024	Utgift
Destruksjon/fjerning av gravminne	25 000
Leasingavtale plentraktor (årspris)	25 000
Uføresett	50 000
<u>Sum</u>	<u>100 000</u>

Fleire tiltak kan verte teke inn i planen i samband med budsjettvedtak for 2023 finansiert med bruk av bundne fondsmidlar, t.d. musikk- og lydutstyr.

2.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 15.000,- til eigenkapitalinnskot.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 95.000,-

Det er ikkje funne rom innanfor forventa ramme til å føreta noko inndekking av etterslepet på meirforbruken som står i rest frå drifta i 2022.

2.2.0 Inntekter

2.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng.

Festeavgift

Det er registrert ca. 190 festeutløp i 2023, med tilbod om fornyng i 2024. Dette er noko lågare enn talet for 2022, der det var om lag 40 fleire utløp.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa (altså 168 graver), vert stipulert for inntekt for festeavgift i 2023 sett til kr 210.000,- altså noko mindre enn budsjettet for 2023.

Betaling for kyrkjelege tenester

Med verknad frå mai 2021, har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester. Det er speling før start (kr 264,-) og kyrkjemusikar si øving med solist (kr 423,-) som er nytt her, men ein ser så langt at dei aller fleste vel tilbodet om preludering ved gravferd.

Siste tre åra har ein hatt 33 kyrkjelege gravferdsseremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 10.000,- her.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-.

Vidare er det stipulert kr 5.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Det er lagt inn kr 48.000,- i refusjon/sal av tenester for utleige av organist.

Total eigeninntekt er sett til kr 279.000,-.

2.2.2 Refusjonar og overføringar

Ingen forventa refusjonar og overføringar frå eksterne ut over kompensert MVA og evt. sjukelønnsrefusjon.

2.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjetttrundskriv (2023) kr 3.936.000,-.

2.2.4 Andre tilskot og gåver og overføringar

Stipulert kr 20.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Nytt prosjekt «Musikkdiakoni i Askvoll» er innvilga tilskot på frå Bjørgvin bispedømme (gitt i 2022) og kr 80.000,- frå helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år.

Her er lagt inn kr 30.000,- i samla årleg tilskot frå Askvollheimen i 2024, og resterande prosjektkostnad (kr 30.000,- finansierast med bunde prosjektfond).

Samla tilskot og gåver: kr 80.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	ØP 2024	ØP 2023
Utgifter:		
Lønn og sosiale utgifter	3 053 000	3 041 000
Vare- og tenestekjøp utanom VU-plan	1 050 000	1 050 000
VU-plan utanom fondsfinansierte tiltak	100 000	150 000
Refusjonar og overføringar	95 000	95 000
Inndekking meirforbruk 2022	0	0
Sum utgift	<u>4 298 000</u>	<u>4 336 000</u>
Inntekter:		
Brukarbetaling, sal, avgifter	-279 000	-247 000
Refusjonar og overføringar	0	-29 000
Rammetilskot eigen kommune	-3 936 000	-4 017 000
Andre tilskot og gåver	-80 000	-43 000
Sum inntekt	<u>-4 295 000</u>	<u>-4 336 000</u>
Differanse	3 000	0

3 Hovudkapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for dei enkelte tenestene vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2023.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag for 2024 og økonomiplanforslag 2025-2027 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Forslag om justering sett fram i møtet om at prosjekta HC-tilkomst til koret i Askvoll kyrkje og drenering av Askvoll kyrkjegard vert utsett til 2025.

Parkeringsplass ved Vilnes kyrkje vert meldt inn som investeringsbehov i 2024 med kr 200.000,-.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kyrkjeverja sitt forslag, men med justeringsforslaget som vart sett fram i møtet.

(Protokollfører sin merknad:)

Innmeldt investeringsbehov i økonomiplanperioden til Askvoll kommune vert såleis etter vedtak:

	2024	2025	2026	2027
Tak Askvoll kyrkje		2.600.000	2.300.000	2.000.000
Rullestolrampe Holmedal kyrkje	270.000			
Drenering Askvoll kyrkjegard		100.000		
Handicaptilkomst koret i Askvoll		100.000		
Parkering Vilnes	200.000			
Namna minnelund				300.000
Orgelet i Kvammen			400.000	
<u>Orgelet i Holmedal</u>		0		
Sum pr. år	470.000	2.800.000	2.700.000	2.300.000